



Rettleiarutdanning for praksislærarar i barnehagen



Rettleiing for praksislærarar er ei profesjonsretta utdanning på masternivå for barnehagelærarar som er, eller ynskjer å bli, praksislærarar i barnehagen. I følgje nasjonale retningslinjer for barnehagelærarutdanning må alle som skal vere praksislærarar ha minimum 30 studiepoeng rettleiing. Studiet skal gi praksislæraren kompetanse i å rettleie studentar og på denne måten bidra til å styrke praksisopplæringa i grunnutdanninga. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar.

Studieinnhald

Gjennom studiet får studenten omfattande kunnskap og innsikt i eit breitt spekter av teoriar og metodar for rettleiing som verkty for læring og kompetanseutvikling. Sentrale tema er kommunikasjon, relasjon og samspel, etiske dilemma og makttilhøve i rettleiing. Det blir lagt vekt på korleis rettleiing, både individuelt og i gruppe, kan styrke læring og utvikling for studentar i praksis. Studiet rettar seg inn mot kollektive læringsprosessar. Vidare er utvikling av profesjonsidentitet, profesjonell identitet og deltaking i profesjonelle læringsfellesskap sentralt.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er organisert med tre samlingar a to dagar per semester, med lokalisering Volda, i tillegg til nettbasert undervisning (Adobe Connect) tilsvarende ei samling. I emnet vert det lagt vekt på studentaktive læringsformer og studentane må rekne med høg deltakaraktivitet. Studiet gjer nytte av dei ressursane som ligg i studentane sine yrkeserfaringar og kunnskapar, og som er viktige for å skape eit godt læringsmiljø. Studentane vert organiserte i lokale nettverksgrupper som rettleiar kvarandre og drøftar faglege tema mellom samlingane. Studentane skal også gjennomføre rettleiing i eigen barnehage. Her inngår skriftlege rapporteringar frå rettleiinga som ein viktig læringsstrategi. Det er obligatorisk frammøte til samlingane og den nettbaserte undervisninga. I løpet av studiet skal studentane gjennomføre og få godkjent fem arbeidskrav. Vurdering er ein viktig del av studieprosessen. Undervegs i studiet vil studentane få

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført barnehagelærer-, førskulelærer-, eller tilsvarende utdanning Vere i arbeid i barnehage eller tilsvarende

Søknadsfrist: 01. mars i Kompetanse for kvalitet

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no